Reguleringsplan Dudlatun, Radøy kommune

| | Kommentarar frå Radøy kommune | Endringar/ kommentarar frå konsulent |
|---|---|---|
| Planskildring | | |
| 1 | Arealbruk i strid med plan krev størst fokus i ei konsekvensvurdering. Dette bør gå tydelegare fram av planskildringa. | - Har skrevet om samandraget<br>- Har skrevet om innleiing i kapittel 8 |
| 2 | Naturmangfaldet må vurderast i seg sjølv og ikkje som følgje av den bruken det har akkurat no. Ei vurdering må byggje på kva kvalitetar området har i dag og kva planframlegget vil føre til av konsekvensar for det same området. | Ok – kapittel om naturmangfaldet er endra |
| 3 | Innhaldsfortegnelsen i planskildringa inneheldt alle dei tema som me gjerne vil ha belyst, men me saknar ein diskusjon rundt hovudarealføremålet i overordna plan som er LNF – landbruk, natur og friluftsliv. Landbruk bør gjerne vere eige punkt.<br><br>I dag nyttast området til beite, men det finnst ikkje noko vedtak om plassering av gjerdet mot villsaubeitet så det er direkte feil i figur 19.<br><br>I figur 20 må «vedtatt» og «ulovlig» ut av nemninga. Me ynskjer oss ei vurdering av området som landbruksområde og konsekvensar for omkringliggjande areal. Privatretslege tema høyrer ikkje heime her. | Skrevet om 8.1 innleiinga<br>Laget nytt underkapittel «9.9 Konsekvensar for Landbruk» kor «9.1.1 Avgrensing av villsaubeitet på Syltneset» er lagt inn som ei underoverskrift.<br><br>Temaet er plassert under ny overskrift; 9.9 Konsekvenser for landbruk. «Vedtatt» er tatt ut og erstatta med «avtalt»<br><br>Temaet er plassert under ny overskrift; 9.9 Konsekvenser for landbruk. «Vedtatt» er tatt ut og erstatta med «avtalt». Eit gjerde som er satt opp utan at grunneigar har gjeve løyve til oppsettinga må kunne karakteriserast som «ulovleg». Plasseringa av gjerdet er av stor betyding for klassifisering av areal som beiteareal. Bakgrunnsinformasjon av privatrettsleg karakter er naudsynt for å gje ein fullgodt bilete av situasjonen. Den privatrettslege informasjonen gjev ingen føringar for planen, men er meint som bakgrunnsinformasjon. |
| 4 | Statens vegvesen har mellom anna satt krav om at utbetring av vegkrysset i fv 409 skal inngå i planen. Det er ikkje gjort slik me vurderer planframlegget. | Konsulent og tiltakshavarar meiner det ikkje er rimeleg å leggje eit krav om ei slik oppgradering i ei så lita plan. Det er ikkje økonomisk forsvarleg. |
| 5 | Fylkesmannen har peika på at | Ok – endra og lagt til noko meir informasjon |

| | | |
|---|---|---|
| | naturmangfaldet skal vurderast. Dette er gjort i planskildringa punkt 9.9. Dette punktet bør redigerast slik at det ikkje inneheldt anna enn overskrifta seier.<br><br>Kvar gjerdet til beitet står i dag eller kvar det skulle ha stått er ikkje en del av vurderingstema.<br><br>Siste avsnitt på s 22 om vegtrassen bør komme i punkt 9.3 om estetikk som og bør innehalde vurdering av tema kring landskap. | no 9.10<br><br>Dette er flytta til 9.9<br><br>Ok - flytta |
| 6 | Hordaland fylkeskommune legg mellom anna vekt på landskap og estetikk i sin merknad og kommunen meiner at ein redigering av planskildringa vil syne dette betre. | Gjort endringar og skildra landskap og terrengtilpassing av tilkomstveg på ei betre måte |
| Føresegn | | |
| 7 | Ta ut punkt § 1.2 | Ok |
| | Legg til rekkjefølgjekrav om avkjørsle til fv, | Det er ikkje rimeleg at ei lita plan som dette, med minimal trafikkavløysing skal få eit slikt krav om opparbeiding av kryss i ein fylkesveg. |
| | ta ut punkt § 3.1.1 om trafikksikringplan, | Ok |
| | presiser kva som kan opparbeidast i punkt § 4.2.1 om park | Ok |
| | vurder teksten i § 6.1. | Ok, endra til «Innanfor omsynssone H570 ligg det eit automatisk freda kulturminne som er bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å setje i gang tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørleg skjemme kulturminna, eller framkalle fare for at det kan skje». |